



Vår saksbehandlar
Astrid Schjærven tlf 51655135
Jens Kristian Jebsen tlf 57655402
E-post: jje@fmsf.no


Vår dato
06.01.2005

Vår referanse
2005/64 -

Dykkar dato

Dykkar referanse

Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO



Høyring om ny barnehagelov

Vi viser til nytt lovutkast og brev av 09. november 2004.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vil i det følgjande kommentere ein del av framlegga i kvart kapittel i lovutkastet.

Barnehageforliket fører til store endringar for sektoren. Målet er full utbygging, økonomisk likeverdig behandling, lægre foreldrebetaling, mangfald og kvalitet. I ein fullt utbygd sektor må ein vente at merksemda rundt innhald og formål blir større; det blir ei nasjonal utfordring å definere barnehagens innhald og formål og kva krav ein skal stille til kvalifikasjonar for det personalet som skal arbeide i sektoren.

Kapittel I. Barnehagens formål og innhald

§ 1 Formål.

Det følgjer av framlegget at barnehagen skal hjelpe til med å gi barna ei oppseding i samsvar med kristne grunnverdiar. Omgrepet "kristne grunnverdiar" er i høyringsnotatet fortolka til å innehalde to hovudelement: Det eine er kristne normer som ærlegdom, toleranse, rettvissdom, tilgjeving og liknande og det andre er den kristne tro og lære.

Fylkesmannen meiner det i utgangspunktet er problematisk å setje verdiar fleirtalet hegnar om i samband med ein særskilt religion. Dette kan indirekte gje inntrykk av at andre religionar ikkje har tilsvarende verdiar. Det blir også synt til at det i delar av landet er så mange som 30% av barna som er av ikkje-vestleg opphav. Fylkesmannen er uroa over at fleirtalet ved det noverande lovforslaget "overtek" verdiar som alle religionar er einige om, og på den måten skapar avstand mellom majoriteten og minoritetar.

Ein kristen formålsparagraf inneber også at barna skal få ei oppseding i samsvar med kristen tru og lære. Fylkesmannen ber departementet her skjele til det arbeidet som no blir gjort i samband med KRL-faget i skolen. Det er ikkje høve for fritak frå at barna skal få kristen oppseding i kommunale barnehagar. Dette kan vere i strid med Noreg sine internasjonale avtalar, jf konvensjon om sivile og politiske rettar art.18, og bør utgreiast nærare.

Kapittel II. Barns og foreldres medvirkning

§ 3. Barns rett til medvirkning.

Fylkesmannen er positiv til at barn si medverking blir tydeleggjort i ein eigen paragraf. Eit hovudprinsipp i barnekonvensjonen er barn sin rett til deltaking og innflytelse. Dette presiserer også at ein tek barn på alvor. Det er dei vaksne som har ansvar for barna i barnehagen. Fylkesmannen meiner at det må kompetanse og kvalifikasjonar til for å møte barna og støtte dei på måtar som gjev meistringsopplevingar, glede, pågangsmot og lyst til læring. For å ta barna sin rett til medverknad på alvor treng ein kompetente fagfolk som kan vere i dialog med barna. Barnehagen må vere ein stad der omsorg og pedagogikk fungerer som ein heilskap.

Kapittel III. Ansvar og myndighet

§ 8. Kommunens ansvar.

Fylkesmannen støttar framlegget som gjev kommunen ei styrka rolle som barnehageansvarleg.

M.o.t. kommunen si oppgåve i høve administrering av kontantstøtte, meiner Fylkesmannen at denne ikkje høyrer til under barnehagelova. Det finns ei eiga lov om kontantstøtte og reglane om administrasjon av ordninga bør heimlast der.

§ 9. Fylkesmannens ansvar.

Departementet gjer framlegg om vidareføring av Fylkesmannen sitt rettleiaransvar og klagekompetanse. Vidare er det forslag om å oppheve Fylkesmannen sin rett til å føre tilsyn med den einskilte barnehage, då ein meiner det er meir føremålsteneleg å føre tilsyn med kommunen som barnehagemynde. Fylkesmannen er samd i at ein vert gjeve kompetanse til å føre tilsyn med at kommunen som barnehagemynde utfører dei oppgåvene dei er pålagt etter barnehagelova. Dette vil også vere i tråd med Fylkesmannen sitt tilsyn på andre område og sektorar. Det er ikkje satt fram framlegg om ein spesiell tilsynsmetode, men framlegget er lagt tett opp til tilsynsgruppa sine anbefalingar, at tilsynet bør vere dialogbasert og støttande. Fylkesmannen er samd i dette då stadfesting av tilsynsmetode kan binde opp tilsynet.

Kapittel IV. Barnehagemyndighetenes generelle oppgaver mv.

§ 10. Godkjenning.

Lovframlegget legg opp til at kommunen som godkjenningsmynde skal vurdere barnehagen i høve føremål og innhald. Dette vil bety at kommunane må lage sine eigne, kommunale standardar som grunnlag for godkjenning.

Fylkesmannen meiner dei nasjonale standardar for leike- og opphaldsareal per barn bør oppretthaldast. Dette for å sikre visse minimumskrav. Utan slike nasjonale standardar er ein uroa for at det kan bli stor skilnad i kvaliteten på barnehagane i kommunane, særleg kan dette gjelde for kommunar med pressa økonomi.

§ 13. Prioritet ved opptak.

Gjeldande lov gir barn med funksjonshemming prioritet til opptak i barnehage, dersom barnet etter ei sakkunnig vurdering er funnen å kunne ha nytte av opphald i barnehagen. Det er framlegg om å utvide prioritet ved opptak til barnehageplass til å gjelde for barn det er fatta vedtak for etter barneverntenestelova §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd. Fylkesmannen støttar forslaget og er samd i at det vil styrke barnehagen som ein del av førstelinetenesta som kommunen etter anna regelverk er ansvarleg for når det gjeld barn med særskilte behov. Fylkesmannen er også samde i at ein fjerner vilkåret om at barn med nedsett

funksjonsevne skal ha nytte av barnehageopphaldet. Utgangspunktet er at alle barn har godt av å gå i barnehage.

Kapittel V. Personalet

§ 18. Ledelse og § 19. Barnehagens øvrige personale.

I St.melding nr 27 (1999-2000) Barnehage til beste for barn og foreldre heiter det at personalet er den viktigaste ressursen i barnehagen. Dei skal setje lov og intensjonar i barnehagelova om til praksis i arbeidet med barn og i samarbeid med familiane. Korleis personalet utfører arbeidet sitt, er avgjerande for kvaliteten i barnehagen. Etter gjeldande lov er det krav om at både styrar og pedagogisk leiar skal ha utdanning som førskolelærer. Kompetansegruppa viser til kompetanseberetninga for Noreg(UFD), som forklarar kompetanse som evnen til å møte komplekse utfordringar. Kompetanse er kunnskap kombinert med evne og vilje til handling. Evne og vilje til handling kan ikkje lovregulerast, men krav til formell kompetanse er eit vesentleg element i nasjonal styring av ein sektor. Vidare meiner Fylkesmannen det vil vere føremålsteneleg å vidareføre ein nasjonal norm for bemanning i høve tal på barn i barnehagen, dvs. ein førskolelærer per 10-14 barn som er til stades samstundes.


Fylkesmannen støttar følgjande framlegg:

1. Framlegg B om vidareføring av utdanningskravet til styrar
2. Framlegg B om barnehagens øvrige personale.

Med helsing



Oddvar Flæte
fylkesmann



Bjørn L. Tønnesen
Bjørn L. Tønnesen
utdanningsdirektør